

## Kulturmiljø av regional interesse i Suldal

Dette dokumentet er eit uttrekk frå temakart-Rogaland og viser kulturmiljø av regional interesse som er del av Regionalplan for kulturmiljø.

[Sjå oversikten over heile Rogaland i ei interaktiv kartløyning i Temakart-Rogaland.](#)

Oversikta er eit kunnskapsgrunnlag for vidare planlegging og utvikling i kommunane, og skal bidra til føreseielege prosessar gjennom at informasjon om kva som er regionalt viktige kulturmiljø og landskap, blir kjent og tilgjengeleg. [Du finn meir informasjon om oversikten i Regionalplan for kulturmiljø kapittel 7 og 8.](#)

I tillegg til kulturmiljøa i dette dokumentet er kulturmiljø og landskap registrert av Riksantikvaren og ein del av regionalplanen. Desse er i frå Riksantikvarens nasjonale register over kulturmiljø og landskap( NB!-registeret og KULA), Utvalde kulturlandskap i jordbruket(UKL) og freda område og kulturmiljø (Askeladden).

[Les meir om kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse.](#)

[Les meir om Utvalde kulturlandskap i jordbruket hjå statsforvalteren.](#)

### Innhold

Kulturmiljø av regional interesse i Suldal .....	1
Kilen.....	2
Sand .....	5
Jelsa .....	8
Litunet.....	12
Kolbeinstveit .....	16
Foss.....	18

## Kilen

id	1
Namn	Kilen
Kommune	1134 - Suldal
Tema	Industri og næring
Periode	1950-1974
Kjelde	Kulturminneplan (2018), «Vakre landskap»-regional verdi, Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, natur og kulturvern (FINK) (2004)
Vernestatus	Omsynssone (pbl), Kulturminneplan

### Skildring

Kilen ligg like aust for Nesflaten, i den nordre enden av Suldalsvatnet. Kilen vart bygd ut i 1960-åra i samanheng med Røldal-Suldal-utbygginga. Norsk Hydro kjøpte fallrettane i Røldal- og Suldalsvassdraget på 1950-åra med planar om å produsera straum til eit aluminiumsverk på Karmøy. Utbygginga gjekk føre seg frå 1963 til 1968. I samband med utbygginga vart det reist eit stort bygningsmiljø på Kilen, teikna av arkitekten Geir Grung, med bl.a. eit ikonisk kontrollbygg for kraftverket og bustader til dei tilsette på kraftstasjonen. Bygningsmiljøet på Kilen er eit framifrå døme på moderne arkitektur i samanheng med industriutbygginga i Noreg på den andre halvdelan av 1900talet.

### Omfang

Avgrensinga er den same som omsynssone i kommuneplan for Suldal(2015).

### Regional interesse

Kilen har høg kulturhistorisk verdi som eit døme på ein av dei store kraftutbyggingane som skjedde på Vestlandet på den andre halvdelan av 1900-talet. Arkitekturen syner at det blei brukt store ressursar på å gi bygningane eit moderne preg, og Kilen er eit interessant døme med høg arkitektonisk kvalitet, knytta til kraftindustrien.

### Sårbarheit og forvaltning


Området er regulert til bevaring i reguleringsplan (2013).

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø  
Sist endra 19.05.2023  
**Hovudbilde**



25.09.2012 8:57

**Kartutsnitt**



Kartutsnitt per 23.09.2022



Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø  
Sist endra 19.05.2023  
**Bildevedlegg**



Kraftstasjonen på Kilen teikna av Geir Grung



Detalj frå kraftstasjonen på Kilen

## Sand

id	2
Namn	Sand
Kommune	1134 - Suldal
Tema	Busetting by- og tettstadutvikling, Industri og næring
Periode	1800-1899
Kjelde	Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern, kulturvern (FINK)(2004)), kulturminneplan (2018), visitsuldal.no
Vernestatus	Omsynssone (pbl), Kulturminneplan

### Skildring

Sand er kommunesenteret og den største tettstaden i Suldal kommune. Bygda har vore eit naturleg handelssenter for Ryfylke med den strategiske plasseringa ved utgangen av Suldalslågen, og i møtestaden mellom Sandsfjorden, Lovrafjorden, Saudafjorden og Hylsfjorden. Det har vore busetnad på Sand frå 1700-talet, men det var først på 1800-talet at tettstaden voks fram som ein av dei viktigaste i Ryfylke. Framveksten av båtbyggjarindustrien var den viktigaste årsaka til dette. Frå slutten av 1800-talet var Sand ein av inngangsportane for utanlandske turistar som ville oppleve Vestlandet og Noreg.

Kulturmiljøet på Sand består i hovudsak av den eldre busetnaden i Sand sentrum. Bygningane ligg konsentrert i to område; Nordenden i nord og området rundt og sør for Sand kyrkje i sør. Sand kyrkje er ei langkyrkje frå 1852 oppført etter typeteikningar av Hans Ditlev Franciscus von Linstow.

### Regional interesse

Bygingsmiljøet på Sand har høg kulturhistorisk verdi som ein godt bevart tettstad frå 1800-talet. Kulturmiljøet har høg opplevingsverdi. Dei bevarte bygningane syner korleis folk på Sand budde og kva dei levde av.


### Sårbarheit og forvaltning

Delar av området er regulert til bevaring i reguleringsplan for Nordenden (1999) og Austsida av gata (1994). Det er og fleire andre reguleringsplanar i området.





### Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

**Bildevedlegg**



Brødrene af Sand ved sin vante kaiplass i Sand



## Jelsa

id	7
Namn	Jelsa
Kommune	1134 - Suldal
Tema	Kystkultur fiskeri handel og sjøfart, Tradisjon og religion, Busetting by- og tettstadutvikling, Administrasjon felleskap makt og demokrati
Periode	Før- og etterreformatorkisk tid
Kjelde	Kulturminneplan (2018), Vakre landskap, Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, natur og kulturvern (FINK (2004)), Askeladden/kulturminnesøk
Vernestatus	Omsynssone (pbl), Kulturminneplan, Kulturminneloven

### Skildring

Jelsa ligg sentralt i Ryfylkebassenget ved inngangen til Sandsfjorden. Jelsa er ein av dei best bevarte strandstadane i Rogaland, med busetnad frå 1600-talet og fram til 1900. Bygningane ligg konsentrert i to område, Noresjøen i vest og Bjergsted i aust. Innafor område ligg også Jelsa kyrkjestad med mellomalderkyrkjegard og Jelsa kyrkje. Kyrkja vart bygd i 1647 og erstatta då ei mindre stavkyrkje som er nemnt i kjelder tilbake til 1200-talet. Ryfylkemuseet sitt skulemuseum «Den Riibergske Stiftelse» held til i eit skulehus frå 1774, søraust i miljøet.

### Omfang

Kulturmiljøet omfattar Noresjøen, Bjergsted og Jelsa kyrkjestad. Dampskipskaian på Bjergsted inngår i kulturmiljøet. Området har omtrent same utstrekning som området som ligg inne som bevaringsområde i reguleringsplanen for Jelsa.

### Regional interesse

Miljøet har høg kulturhistorisk verdi knytta til kystkultur, fiske og handel frå 1600-tallet. Jelsa er den best bevarte strandstaden i Ryfylke. Kyrkjestaden Jelsa har høg historisk verdi og dagens kyrkje frå 1647 er ein av dei eldste og best bevarte trekyrkjene i Rogaland. Saman med mellomalderkyrkjegarden utgjør det eit kyrkjemiljø med stor tidsdjupne.

### Sårbarheit og forvaltning


Området er regulert til bevaring i reguleringsplanen for Noresjøen-Bjergsted (1999).





Ryfylkejeka «Brødrene af Sand» på besøk på Jelsa

### Kartutsnitt



Kartutsnitt per 11.22



Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø  
Sist endra 19.05.2023  
**Bildevedlegg**



Fra Jelsa



Strandlinja ved Jelsa



Jelsa kyrkje



## Litunet

id	61
Namn	Litunet
Kommune	1134 - Suldal
Tema	Landbruk og kulturlandskap
Periode	Etterreformatorisk tid
Kjelde	Askeladden, Kulturminneplan for Suldal(2018), kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)
Vernestatus	Kulturminneloven, Omsynssone (pbl)

### Skildring

Freda tun med 13 bygningar frå 1700-1800-talet. Tunet er del av eit større kulturmiljø med naust ved fjorden. Landskapet er eit karakteristisk vestlandsk kulturlandskap med små åkerlappar, steingjerde og rydningsrøyser. Her skal det ha vore 111 små åkerlappar innimellom det steinete landskapet. Kornavlinga har vore avgrensa, men til garden høyrte det også med gode beite. Det var løypestreng til fjorden. Tunet har truleg den same strukturen som det hadde i mellomalderen, med dei same bygningstypane og den same byggeskikken.

### Omfang

Miljøet omfattar den freda garden, samt større delar av landskapet rundt garden og ned til fjorden. Avgrensinga følger eigedomsgrensa.

### Regional interesse

Miljøet har særleg store verdiar knytt til opplevinga av den autentiske bygningssmassen, karakteren av eit mellomaldertun, og plasseringa - i eit svært dramatisk og vakkert landskap. Samanhengen med fjorden og det omkringliggende kulturlandskapet gjev kulturmiljøet stor verdi og syner tradisjonell landbruksdrift på ein fjellgard.

### Sårbarheit og forvaltning

Gardshusa er freda etter kulturminneloven. Naustet er ein viktig del av miljøet og bør forvaltast og vedlikehaldast på ein antikvarisk korrekt måte ut frå ein heilskapstanke. Kulturlandskapet er sårbart for gjengroing. I 2009 kom garden i offentleg eige. Då kjøpte Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune garden. Ryfylkemuseet har fått ansvar for forvaltning av Litunet.





## Bildevedlegg



Litunet, foto: Ryfylkemuseet



På tunet





Litunet med fjorden nedenfor.

**Kolbeinstveit**

id	85
Namn	Kolbeinstveit
Kommune	1134 - Suldal
Tema	Landbruk og kulturlandskap
Periode	Før- og etterreformatorisk tid
Kjelde	Kulturminneplan (vedteken 2018), Ryfylkemuseet, «Vakre landskap i Rogaland»(2009), Askeladden
Vernestatus	Kulturminneplan, Kulturminneloven, Omsynssone (pbl)

**Skildring**

Bygga på garden Kolbeinstveit er frå 1850, og har vore museum sidan 1955. I dag er det Ryfylkemuseet som eig og driv Kolbeinstveit.

På tunet er det stovehus og løe som har tilhøyrt den opphavelige garden. I tillegg er det fleire tilflytta bygningar, mellom anna eit bur og eit eldhus. Midt på tunet står Guggedalsloftet som er den eldste bevarte trebygningen i Rogaland, og ein av dei eldste profane bygningane på Vestlandet. Tømmeret i andre høgda er årringdatert til 1281 medan forma på beitskiene tyder på at lafteverket i nedre delen er frå før 1350. Opphavelig har loftet stått i tunet på Guggedal i Bråtveit. Loftet vart freda i 1925, og vart fyrst flytta til Mostun i Stavanger i 1934, før det vart flytta til den noverande plasseringa i 1957.

På veg frå parkeringsplassen til museet følgjer ein ein turveg bort til sjølve museumstunet. Vegen går forbi Tveitenåo, eit gardsmiljø med sag og vasskvern ved bekken. Området inngår som ein del av kulturmiljøet Kolbeinstveit.


**Omfang**

Miljøet har same avgrensinga som omsynssonen i kommuneplanen. Ved sjølve museumstunet på Kolbeinstveit er avgrensinga strekt ned til Suldalsvatnet. Avgrensinga mot nordvest inkluderer også miljøet ved Tveitenåo med ulike kvernhus ved fossen.

**Regional interesse**

Miljøet har store verdiar knytta til opplevinga av ein heilskapeleg og autentisk bygningsmasse med stor tidsdjupne. Samanhengen med Suldalsvatnet og det omkringliggende kulturlandskapet viser tradisjonell landbruksdrift på ein gard ved vatnet. Særleg høg verdi kan knyttast til Guggedalsloftet som og har nasjonal verdi. Kulturmiljøet er også eit godt tilrettelagt museumsanlegg med stor kunnskaps- og formidlingsverdi.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø  
Sist endra 19.05.2023  
**Kartutsnitt**



Kartutsnitt 13.10.2022



## Foss

id	132
Namn	Foss
Kommune	1134 - Suldal
Tema	Landbruk og kulturlandskap
Periode	Etterreformatorisk tid
Kjelde	Kulturminneplan s. 32, «Vakre landskap»- nasjonal verdi
Vernestatus	

### Skildring

Foss er ein gard med fleire bruk, midt mellom Sand og Suldalsosen. Særleg det eine bruket på Foss har eit godt bevart bygningsmiljø med våningshus, stabbur, smie, eldhus, kvernhus og to stølar. Fleire av bygningane er gjevne vernekategori A i SEFRAK-registeret, noko som vil seie at dei kan ha nasjonal verdi. Eldst av bygningane på garden er sannsynlegvis våningshuset og stabburet, frå tidleg på 1700-talet.

På det andre bruket på Foss er truleg det eldste bygget, eit våningshus som kan vere frå andre halvdel av 1600-talet, dette har færre originale detaljar, men har høg aldersverdi. Foss var eit fellestun for fleire bruk, men dei er i dag fordelt på fleire små tun.

### Omfang

Området omfattar bygningsmiljøet på garden Foss og eit område rundt.

### Regional interesse


Verdiane på Foss er spesielt knytt til eit godt bevart bygningsmiljø som syner korleis folka på garden levde på 1700- og 1800-talet.

### Sårbarheit og forvaltning

For å bevare kulturmiljøet på Foss må bygningane takast vare på etter antikvariske metodar.

Eventuelle nye bygningar og tiltak må tilpassast det eksisterande bygningsmiljøet.





Kartutsnitt per 11.22